



Det er denne store, kraftige riggen som pressar røyra opp gjennom tunnelen.

Det er berre vel to veker sidan vi skreiv om arbeidet med Tverrelva kraftverk. Likevel har det skjedd mykje etter det. Det var sjølvsgatt knytta spenning til arbeidet med å pressa røyr opp gjennom tunnelen som vart bora. No nærmar det seg slutten på denne operasjonen, og også dette har gått svært glatt!

Tor Ove Haugland kan fortelja at det har gått kjapt og greitt. Dei jobbar 12 timars dagar, og dei reknar med å vera ferdige torsdag/fredag, eller kanskje før.

Det er 3 mann i arbeid ved inngangen til tunnelen midt oppe i lia. To av dei sveiser i skøytane medan ein styrer den kraftige riggen.

- Dei har no att 13-14 røylengder, og dei klarar om lag 5 kvar dag. Kvar røylengde er 12 m, og det betyr at dei klarer 5-6 meter pr. time, forklarar Tor Ove.

Når røyra er på plass, skal det støypast fast i enden oppe på fjellet. I dag har helikopter flogge opp aggregat, sveiseapparat og anna utstyr til dette arbeidet.

Førre mandag og tirsdag var folk frå Energi Teknikk på plas og monterte turbinhuset i kraftstasjonen. No skal det forskalast, og det skal støypast fast. Om to veker reknar arbeidsfolket frå Byggservice AS med å vera ferdige med betongarbeidet på stasjonen, og då skal dei som jobbar der, fortsetja arbeidet oppe på fjellet.

Byggservice AS byrjar også snart med å grava ned røyrgata frå tunnelopninga og ned til kraftstasjonen. Det er altså stor aktivitet, og det er svært gledeleg at arbeid som er så utfordrande, har gått så greitt!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland